

Hordaland Fylkeskommune  
Regionalavdelingen  
Postboks 7900

5020 BERGEN

**Søknad om konsesjon for dyrking av blåskjel og makroalgane sukkertare, fingertare, butare, søl, fjærehinne og havsalat ved omsøkt område Toneset ved lokalitetane Midtflua og Djupestallen i Tysnes kommune, Hordaland.**

Lerøy Vest AS (LV) søker om konsesjon for dyrking av blåskjel, *Mytilus edulis*, for dyrking av brunalgane sukkertare (*Saccharina latissima*), fingertare (*Lamaria digitata*), butare (*Alaria esculenta*), raudalgane søl (*Palmaria palmata*), fjærehinne (*Porphyra* sp.) og grønalgen havsalat (*Ulva lactuca*). Vi søker om ein konsesjon på maks 800 tonn per art for dei ulike algane og blåskjel. og den totale produksjonsmengda vil variere. Arealet vil også tilsei at den totale årlege produksjonen ikkje vil overstige 800 tonn på denne lokalitet

Verdas befolkning trenger meir mat og det vert satsa på bærekraftig matproduksjon frå havet og dette er også eit av satsingsområda til Norge i åra framover. Skal me auka matfisk produksjonen må me driva bærekraftig havbruksproduksjon. Miljøvisjonen til LSG og dotterselskapa er «*Take action today for a difference tomorrow*» og satsinga i lag med Ocean Forest (OF) er eit ledd i dette arbeidet. OF fokuserer på bærekraftige og innovative løysningar innan havbruk og vil spesielt fokusere på bruken av næringssalter, reduksjon av lus og redusert utslipp og visjonen til selskapet er «*Havet – fremtidens viktigste kilde til ny produksjon av mat, førråvarer og energi/biomasse, gjennom fangst av CO<sub>2</sub>*»

Produksjonen av blåskjel kan grovt sett deles inn i to hovudmetodar, her kalla tradisjonelt utsett eller «long line» og «Smart Farm metoden». Hovudformålet med den omsøkte blåskjolkonsesjonen er å etablere ein metode for industriell produksjon av blåskjel for bruk til andre formål enn direkte humankonsum. Anleggsdesign er derfor eit av dei elementa man vil teste ut og anlegga vil verta dimensjonert i forhold til gjeldande regelverk. Vedlegg 6.3.1 viser til Fiskeridirektoratet sitt krav til garanti for blåskjelløype kor LV garanterer å dekke kostnader ved evt. opprydding frå blåskjelproduksjon.

Produksjonen av markoalgar skjer normalt i to trinn; sporofytt produksjon på land og makroalgeproduksjon i sjø. Det vert nytta algar som er av regionale avstamming slik at det ikkje vil ha noko konsekvens for den regionale populasjonen dersom algane forplantar seg. Dyrkingsteknologien i sjø er under stadig utvikling men me vil i første omgang nytta tradisjonelt oppsett i form av bøyestrek. Designa for algeproduksjon vil verta dimensjonert i forhold til gjeldande regelverk.

LV sine lokalitetane for produksjon av laks og aure ved Djupestallen og Midtflua er lokalisert i nærleiken og produksjonen av algar ved Toneset vil kunna nytta næringssalter frå denne produksjonen.

#### **Oversikt vedlegg**

Vedlegg 1	Søknadsskjema med lokalitetsopplysingar
Vedlegg 6.1.1	Kvittering for betalt gebyr
Vedlegg 6.1.2 a	Straummålingar
Vedlegg 6.1.2 b	Straummålingar
Vedlegg 6.1.3 a	Sjøkart
Vedlegg 6.1.3 b	Kystsoneplankart
Vedlegg 6.1.3 c	Kart i N-5 serien
Vedlegg 6.1.3 d	Anleggsskisse
Vedlegg 6.1.4	Undervassstopografi
Vedlegg 6.1.5	Beredskapsplan
Vedlegg 6.3.1	Sikkerhetstillegg for blåskjelltilatelse

Bekkjarvik 06.06.2017

Med venleg helsing  
for Lerøy Vest



Nils Arve Eidsheim  
Samfunnskontakt for Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk